



Tone Kildedal

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/679 - 18/4560

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
21.03.2018

Rettleiing om omgjeriing frå heilårsbustad til fritidsbustad

Dykkar e-post av 21.03.18.

Omgjeriing av heilårsbustad til fritidsbustad er ei søknadsplikt bruksendring etter plan- og bygningslova § 20-1 d, jf. § 20-2.

Søknad om bruksendring krev ansvarsrett, jf. plan- og bygningslove § 20-3. Det vil sei at du må engasjere eit firma som kan lage og sende inn søknaden for deg, og som tek ansvar for at alle krav i plan- og bygningslova, forskriftar og arealplanar er oppfylt.

Teknisk forskrift frå 2017 vil gjelde. Bygningen må såleis ha ei teknisk standard som tilfredsstillar dei krav som gjeld for fritidsbustad i dag.

Bygningen må også ha avlaupsløysing som stettar dagens krav etter forureiningslova og Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg i Radøy kommune.

Om du får løyve til bruksendring vil også vere avhengig av arealføremål i reguleringsplan eller Kommuneplan. Vi har ikkje fått opplyst gards- og bruksnummer på eigedomen og kan difor ikkje gje deg råd i høve plan.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Tone Kildedal